

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
434.4	Knut Øyjordet	16.02.23	8/23

## **SØKNAD FRÅ OLA KAURSTAD OM LØYVE TIL BRUK AV SNØSKUTER FOR TRANSPORT I SAMBAND MED HYTTEUTLEIGE OG DRIFT AV FISKEVATNET TJØNNNOSEN – HØYRING**

### *Saksdokument:*

1. Høyringsbrev frå kommunen av 16.12.22 med vedlegg.
2. E-post frå kommunen av 24.01.23 til fjellstyret. Presisering frå Ola Kaurstad (er kopiert og vedlagt saka).

### *Saksutgreiing:*

Ola Kaurstad har søkt kommunen om transport med snøskuter i samband med drift/skjøtsel av Tjønnosen og utleige av dei to buene han har ved tjønna (Bossebua og Tjønnosbua). Han søker om 12 turar i året. Det skal fraktast materiell/utstyr for drift av fiskevatnet, samt ved, propan og drivstoff til aggregat. Transporten er tenkt inn Griningsdalen og vidare opp gjennom Tjønnosdalen. Grunngevinga for trasevalet er at ved, gass m.m. kan bli frakta til setra i Griningsdalen om hausten og bli lagra der. Ved setra er det også ei preparert skiløype, og fram til setra kan skiløypetraseen nyttast. Kaurstad skriv m.a. elles i søknaden:

*For å komme opp til Tjønnosen, er det minst stigning om en kan kjøre langs Dyrjtjønnbekken og Tjønnosdalen. Dette er vesentlig da en skal dra slede med forholdsvis tunge lass. Men om grunneier har andre forslag til trase vil vi selvfølgelig etterleve dette. Det vil være fremtvingende å kjøre noe mindre vedlass enn en normalt kan kjøre i snillere terreng, derfor vil det være dyrt å leie inn nåværende innehavere av løyve for transport av det nødvendige materiellet. Vi søker derfor om å få kjøre 12 turer med materiell og utstyr gjennom vinteren over en begrenset periode. Det er langt å kjøre, og vi ber om at denne perioden er så romslig som mulig, da en neppe rekker mer enn to turer på en dag. Dersom transporten er til skade for tamrein, kan vi gjøre fra oss denne transporten i god tid før vårkalving, så lenge vi får tilbakemelding om akseptabel tidsperiode.*

*For å oppsummere er ikke formålet å øke, eller legge til rette for økt aktivitet i Griningsdalen hverken sommer eller vinter ved dette løyve, kun opprettholde det nivå som alltid er ført for gardens setrer og buer. Primært omhandler søknaden, selv om dette ikke har kommet godt nok frem, ønske om å lettere kunne drive utleie/skjøtsel av fiskevannet Tjønnosen sommer som vinter, dermed sitte igjen med mer fortjeneste på dette. Utleie av buene der oppe vil da skje på selvhushold», brukerne må bære bagasjen og fyre opp selv, men at vi legger til rette med å kjøre opp ved, gass og drivstoff for hele året på vinteren.*

Kaurstad søkte fyrst om transport til både bua ved Birisjøen, setrene i Griningsdalen og Griningsdalsbua ved Griningsdalsvatnet i tillegg til Tjønnosbua og Bossebua, men endra søknaden seinare til å gjelde transport berre til buene ved Tjønnosen.

### *Vurdering:*

Det er forståeleg at det er nødvendig med transport av ved og utstyr til buene i samband med utleige, og når formålet er drift av fiskevatnet på Tjønnosen i tillegg, vil det sikkert av og til vera behov for noko ekstra utstyr til det. Frakt med snøskuter må vera minst skadeleg for naturmiljøet framfor berrmarkstransport eller bruk av helikopter. I staden for avgrensing i antal turar, bør det heller setjast antal dagar. Ved god planlegging må det kunne gå an å klare fleire enn to turar på ein dag. Kanskje føreforholda enkelte år tilseier at delar av traseen der det er bratt, må «trakkast» før sjølve transporten skjer. Fraktinga bør skje før april, i god tid før kalvinga til tamreinen, og ikkje på helgedagar og i påska.

Dersom Kaurstad får løyve utan krav til bruk av leigekjører, kan han gjennomføre transporten sjølv, slik han har tenkt. Sidan drift av fiskevatnet er eit vesentleg formål med transportbehovet, vil ikkje eit løyve utan krav til bruk av leigekjører skape vesentleg presedens. Om transportbehovet berre har vore for utleige av buene, burde det blitt stilt krav om bruk av leigekjører.

### **Innstilling til vedtak:**

I høyring av søknad frå Ola Kaurstad om løyve til å frakte ved og utstyr til buene ved Tjønnosen med snøskuter, så har ikkje fjellstyret vesentlege merknader til at kommunen gjev han eit løyve til det. Fordi drift av fiskevatnet Tjønnosen er eit vesentleg formål med transporten, og mengde ved og utstyr som skal transporterast er nokså stort, tykkjer fjellstyret at transporten kan skje utan krav om bruk av leigekjører.

Dersom Kaurstad får løyve, meiner fjellstyret at det heller må setjast vilkår om antal dagar i staden for antal turar, dvs. maks. tre dagar. Det bør elles setjast vilkår om at transporten må skje før april, og ikkje bli gjennomført på helgedagar og dagar i påska. Dessutan må fjellstyret ved dagleg leder bli varsla rett før aktuelle dagar for transport.

### **Vedtak:**

Følgjande framlegg frå Hans Petter Vaberg vart vedteke med 3 mot 2 røyster:

I høyring av søknad frå Ola Kaurstad om løyve til å frakte ved og utstyr til buene ved Tjønnosen med snøskuter, så er fjellstyret skeptisk til at kommunen gjev han eit løyve til det. Fjellstyret meiner eit slikt løyve vil skape presedens for liknande saker i framtida og med det føre til meir motorferdsel totalt. Ein oppfordrar søkjar om å nytte dei aktørane som allereie har løyve til slik transport.

2 røysta for innstillinga, men med maks. to dagar ved eit løyve.

*Rett utskrift. Går til:*

Vågå kommune

Vågåmo, 16.02.23

Knut Øyjordet (e.f)